

Kontaktblad for  
Nr. 50    Juni 2019

# HJARTDAL HISTORIELAG

Gampedalen      Grindalen  
Rivrud              Karlskås  
Sviving              Nuvre  
Brubakken

**Ny bok frå  
historielaget:  
Husmanns-  
plassane i  
Sauland**

**Fin maidag  
på Bøllås**



# Nå blir ikkje husmannsplassane i Sauland gløymde!

Namn som Grindalen, Gampedalen, Karlskås, Rivrud er velklingande og fargerike etternamn i bygd og by heromkring. I det daglege tenker ein kanskje ikkje så mykje over det, men røtene til desse namna kan ein finne om ein søker djupt i geografin i Sauland. Desse namna pluss ei mengd variantar av Kåsa, Kasin, Bakken, Lia, Moen og fleire som vi har så mange av rundt i bygdene, har så å seie utan unntak sin bakgrunn i husmannsplassar. Dei ber med seg ei viktig, men ofte gløymt historie om slit og arbeid i ei tid som er fjern for dagens generasjoner.

Torkel Hytta og Audun Solberg i Hjartdal historielag har dei siste par åra, kanskje inspirert av jobben som er i gang i Notodden historielag, tatt på seg å presentere desse plassane i bokform.

Hjartdalsoga har for vår del i svært stor grad gjort jobben med slektshistoria til husmannsplassane våre. Derfor finn ein berre utdrag av slektshistoria til kvar plass i denne nye boka, men ei tilvising til sidetal i Hjartdalsoga er nyttig for dei meir interesserte.

Vi trur dette vil bli ei verdifull bok for ettertida. Ei kortfatta tekst om kvar



plass er med, og ein god del historiske bilde.

Ofte har plassen berre restar av ein husmur, ei rydningsrøys eller eit gammalt kjellarhol å vise til i dag. Men nokre tal med små skrift i omtala av kvar plass er sentrale. Her ligg prosjektets store verdi. Tala viser nemleg at plassane nå er kartfesta med GPS-koordinatar.

Omlag 200 plassar er omtala i boka, og dei aller fleste er nå mulig å finne ved hjelp av koordinatane eller dei mange karta i boka. Dette gjeld om du er på jakt etter familierøter, eller om du er turgåar som gjerne

vil ha eit mål når du streifar rundt i naturen i Sauland.

Nå må det nemnast at sjølv om mange av plassane berre er beskjedne spor i naturen, har andre ein heilt annan status. Mange plassar har utvikla seg til betydelege gardsbruk i bygda. Nokre er tradisjonelle småbruk, medan andre er boligtomter med moderne heimar.

For å komme med i boka må staden ha hatt funksjon som husmannsplass. Vanlege bruk som er utskilt frå eit av dei tradisjonelle gardsbruka i bygda eller som har oppstått ved deiling av garden, er ikkje med. Desse er grundig omtala i Hjartdalsoga.



Bildet til venstre:Husmannsplassen Lia under Landsverk  
Over: Husmannsungar i Tåtrhus. Kven dei er kan du lese i boka

# Referat frå årsmøte i Hjartdal historielag

## på Løvheim onsdag 6. mars 2019



Leiar Svein  
og ein del av  
møtelyden  
på Løvheim

Bildet på  
nest side:  
Foredrags-  
haldaren  
Åsta Østmo  
Kostveit

### 1. Åpning

Svein Bakkalia opna møtet og ynskte alle velkomen. 32 personar møtte.

### 2. Godkjenning av innkalling og saksliste.

Innkallinga og saklista blei einstemmig godkjende.

### 3. Valg av møteleiar og referent

Svein Bakkalia blei vald som møteleiar. Torgunn Opsal blei vald som referent.

### 4. Årsmelding 2018

Torgunn Opsal las opp styret si års melding. Årsmeldinga vart einstemmig godkjend med ein merknad om at registering av husmannsplassar i Hjartdal er komen i gang. Styret godkjenner eit tillegg om dette i års meldinga.

### 5. Rekneskap 2018

Torkild H Mosebø la fram revidera rekneskap. Det vart einstemmig godkjend.

### 6. Budsjett 2019

Torkild H Mosebø la fram styret sitt forslag til budsjett. Det vart einstemmig godkjend.

### 7. Valg

Kari Skoland la fram valgkomiteens forslag. Svein Bakkalia leia valget. Svein Bakkalia attvald som leiar Torgunn Opsal attvald som styremedlem.

Torkjell Tjønn attvald som styremedlem.

Torkild H Mosebø attvald som vara-medlem til styret.

Tone Stuvrud attvald som medlem i valgkomiteen

Ingebjørg Bjørnstad vald som nytt medlem av valgkomiteen.

Utanom valg av leiar konstituerer styret seg sjølv.

#### 8. Avslutning

Svein Bakkalia avslutta årsmøtet og overrakte blomster til Kari Skoland som takk for innsatsen i valgkomiten.

Etter det var det bevertning med smørbrød, kake og kaffe og prat rundt borda.

Etter pauza var det foredrag av Asta Østmo Kostveit. Ho heldt eit svært interessant foredrag om figurar på gamle treskjelåvar. Eit tema som vel dei fleste ikkje visste så mykje om og som ho gjorde greie for på ein interessant måte.

Svein Bakkalia takka og overrakte ein blomsterbukett til foredragshaldaren.

Torgunn Opsal overrakte blomster til Svein Bakkalia og understreka hans store innsats for laget.

Ref.: Torgunn Opsal



## Til alle husstandar

*Iblast sender vi medlemsbladet til alle husstandar i hjartdalsbygdene, slik som nå. Vi vil vise kva historielaget driv med, og vi ynskjer sjølvsagt at så mange som mulig skal betale kontingenent og dermed bli medlem. Du kan vere aktiv som medlem eller bare stå som støttemedlem. Dette fører ingen plikter med seg, og så får du årboka tilsendt – ferdig betalt i kontingenenten.*

*Vi ser veldig gjerne at yngre folk blir med. Både Hjartdal og Notodden historielag blei i si tid stifta av folk hovudsakleg i 30-40-årsalderen. Vi ser for oss at mange slike, og gjerne yngre, også tar eit tak i historiearbeidet. Har du idear til små eller store historieprosjekt så ta kontakt. Det kan ofte vere greit å ha eit lag i ryggen.*

# Fin maidag på Bøllås



25.mai hadde omlag 40 natur- og historieinteresserte samla seg på Bøllås høgt oppe nord i Hjartdal. Været var upåklageleg som vanleg på historielagsarrangement.

Frå Bøllås er vidt utsyn til Mælefjell og Skorve, og vi er midt i eit gammalt kulturlandskap. Plassen blei truleg fyrst rydda frå Øvre To i tidleg kristen tid. Under Svartedauden blei det lagt øyde her, men rydda på nytt på 1500-talet. Her er ikkje fastbuande lenger etter at Olav Bøllås flutte til Bratsberg i femtiåra. Sidan har garden vore brukta derfrå. Tore Gunnar Bratsberg er eigar idag.

På 1800-talet var det ei heil grend i dalføret som strekkjer seg frå To-gardane til grensa mot Svartdal. Fleire av plassane var små og folk måtte lære seg å dryge maten, borkebrød og matmose var velkjent.


Vegen til Seljord, ein gammal rideveg, gjekk tidlegare oppe i lia og gjennom tuna på Ambjørndalen og To. Og det var her i dalen opprørske

bønder møtte kongshæren i 1540 i protest mot framferda til leiarane ved Guldnes gruver i Seljord. Opprøret endte som vi veit med list og svik.

Først på dagen tok Olav Tho oss med på ein rusletur gjennom kulturlandskapet til plassen Oreskogen, eller Skogen som dei oftast sa. Plassen ligg litt lenger vest mot Svartdal og den fyrste vi veit om som budde her var Johan Skogen. Han var brukar på 1700-talet og hadde ord på seg for å vere synsk.

I 11-tida var turen over, og folk samla seg til eit par timars program på garden. Eigar Tore Gunnar Bratsberg la fram historia til garden og dei som hadde levd der. Ingvild Garnås fortalte mellom anna om systerma-rihand og song solbøner og lokale folkeviser midt i blinken for staden vi var samla på.

I programpausa kunne historielaget by på ekte Hjartdal-spa og kaffi. Det-te såg ut til å falle i smak for alle.



Etterpå kunne Olav Tho fortelje om grenda og dei mange plassane der folk hadde sitt daglege strev i tidlegare hundreår.

Torunn Raftevold Rue avslutta med slåttespel. Ho bur i Flatdal og har vore folkemusikar på toppnivå i mange år, mellom anna som både deltakar og dommar på Lanskappleiken, og ho er i dag leiar i *Seljord Folkemusikkklag*. Frå ungdommen var ho aktiv i den landskjende folkemusikkgruppa *Honndalstausene* frå Hornindal i Nordfjord.



Syster marihand finn vi også  
på ordførarkjedet til Hjartdal



## Årbok nr 9 kjem til hausten

Arbeidet med boka for 2019 går sin gang. Det meste av stoffet er på plass og utforming og redigering vil foregå utover sommaren og hausten.

Av godbitar i årets bok kan vi nemne at fleire fortaksame personar i bygdene blir presentert. Smeden i Sauland gjennom mange år, Thorbjørn Thorbjørnsen, har fått eit solid ettermæle ført i pennen av Steinar Hovde som var nabo med smeden i sine gutedagar.

For første gong bidrar også Knut Buen i årboka med historia om "Goffa" sin Gjermund Våle. Gjermund med sitt allsidige livslaup var ein mann som sette spor etter seg, mellom anna med stulsdrift i stor stil, og som foregangsmann i bygdas turisme.

# Framleis ingen kulturminneplan i Hjartdal!

Hjartdal historielag tok så tidleg som i februar 2014 opp spørsmålet om utarbeiding av kulturminneplan med Hjartdal kommune. Den gong fekk vi blankt avslag frå kommunestyret. Grunngjevinga var økonomi og manglande ressursar i kommuneadministrasjonen.

Historielaget har også ved seinare høve tatt opp spørsmålet om vern av kulturminne i hjartdalsbygdene i samband med planprosessane i kommunen. Vi har også nyleg tatt opp spørsmålet om framtida til Tuddal bygdetun og Heddal mølle. Sjå side 10 i dette bladet.

Kommunen har framleis ingen heilskapleg strategi med omsyn til registrering og vern av sine kulturverdiar. For å understreke denne kritikkverdige situasjonen som Hjartdal kommune står i, tar vi med ein del av ei pressemelding frå Riksantikvaren 1.3.2019:

SB

*... En kulturminneplan setter mål for kommunens arbeid med kulturminner, gir en oversikt over verneverdige kulturminner og kulturmiljø, og foreslår tiltak for hvordan denne kulturarven kan tas vare på og brukes.*

*Etter årets tildeling vil vi være oppe i overkant av 375 kommuner som har mottatt midler fra oss. Derved er bortimot 90 % av landets kommuner i gang med arbeidet med kulturminneplan. Det er veldig bra, sier riksantikvar Hanna Geiran.*

...

*Kommunene har en kjempeviktig jobb for å ivareta våre felles kulturminner. For å kunne tilrettelegge for god by- og stedsutvikling må det lages gode lokale planer. Det handler om valgene som blir tatt hver dag i kommunene. Derfor er denne*

*støtten til kommunenes kulturminneplaner noe av det viktigste vi gjør for å ta vare på historiske bygg og miljøer over hele landet, sier klima- og miljøminister Ola Elvestuen.*

...

*Riksantikvaren har mottatt søknader fra 26 nye kommuner i år, samt søknader fra ni av fylkeskommunene.*

*Alle kommunene som har søkt får 100 000 kroner hver. Vi vil også gi tilskudd til fylkeskommunene og Sametinget, slik at de kan bistå kommunene.*

...

*I tillegg til kommunene har Riksantikvaren også prioritert å gi tilskudd til fylkeskommuner og Sametinget så de kan bistå kommunene med opplæring, kurs, nettverksarbeid og ulike typer bistand.*

# Heddal mølle og Tuddal bygdetun

Høringsfråsegn frå Hjartdal historielag til Hjartdal kommune

29.11.2018 i samband med formannskapets forslag til budsjett og økonomiplan 2019–2022. Konsolidering museum Heddal mølle og Tuddal bygdetun.

1. Ein grundig prosess i forkant av framlagt avtaleutkast fortener ei grundig og skikkeleg behandling frå Hjartdal kommune og politikarane i Hjartdal.

Hjartdal historielag er saman med Hjartdal kommune ein av partane i stiftinga *Mølla-ny bruk*. Vi har i fleire år arbeidd for ei framtid for Heddal mølle som har ein viktig plass i Hjartdal kommune si industrihistorie. *Saudlands Uldspinneri & Væveri* som starta opp i 1897 var ein svært tidleg og viktig kvinneleg industriarbeidsplass før industrieventyret tok til på Notodden og Rjukan.

Kontakt med NIA om tilknytning av mølla til NIA blei oppretta så tidleg som hausten 2012 som endeleg førte til konkrete forhandlingar i vår der også spørsmålet om tilknytning av *Tuddal bygdetun* kom med. Det har vore gjennomført fleire møter mellom NIA og Mølla-ny bruk og Tuddal bygdetun der også Hjartdal kommune har deltatt på enkelte møte. Hjartdal historielag ved leiar har deltatt på fellesmøta og særsmøta med NIA og Mølla-ny bruk.

Tuddal bygdetun som har ei rik dugnadshistorie frå tidleg på femtítalet ser seg nå tent med ei konsolidering under NIA for å sikre ei fagleg forsvarleg framtid for bygningar og samlingar. Avtaleutkastet har fått tilslutning på årsmøte i museumslaget.

Her er det altså snakk om eit langvarig og grundig arbeid frå mange som ser dei store historiske

og kulturelle verdiane som mølla og bygdetunet representerar.

2. Avtaleutkasta foreslår forskjellige løysingar for mølla og bygdetunet.

Den samla økonomiske ramma for begge avtalene er på kr 600 000, Tuddal bygdetun kr 500 000 og Mølla-ny bruk kr 100 000. Dette er ei auke på 420 000 for bygdetunet og kr 65 000 for mølla.

Det er to ting vi meiner det er viktig å påpeike her.

For det første er det snakk om økonomiske støttemidlar for eit foreløpig prosjekt med ein prosjektpériode på fire år frå og med 2021.

For det andre er avtala for bygdetunet sin del ei driftsavtale, dvs at NIA overtar driftsansvaret og det faglege ansvaret. For mølla er det snakk om ei avtale om profesjonell hjelpe for å få reist økonomiske midlar for å få mølla ut av dødvatnet.

3. Tar Hjartdal kommune og det politiske miljøet i Hjartdal godt nok vare på kulturarven og dei viktigaste kulturminna i hjartdalsbygdene?

Hjartdal kommune har ei rik lokalhistorie med viktige kulturminne og ein rik bygningsarv. Vi har mange freida loft og bur og mange verneverdige bygningar. Museumslaget i Tuddal har samla litt av dette på bygdetunet sitt. Det er også ei mengd kulturminner med alt frå gravrøyser, kullgroper, gamle ferdselsvegar og hollsteinar på nedlagte husmanns-

plassar. Det store fleirtalet av norske kommunar har innsett at dette har stor betydning for identiteten og sjølvkjensla til innbyggjarane og har vedtatt eller er i ferd med å utarbeide kulturminneplanar for å ta vare på desse uerstattelege verdiene. Dette har politikarane i Hjartdal prioritert vekk.

Nabokommunane Tinn og Notodden har lagt sine bygdemuseum under NIA-paraplyen og tar slik godt vare på kulturarven sin. Det er å håpe at Hjartdal kommunestyre også er seg sitt ansvar bevisst og åpnar opp for eit skikkeleg vern av kulturarven i hjartdalsbygdene.

#### 4. Kva med framtida og konsekvensane om kommunestyret avviser avtaleutkasta og samarbeidet med NIA?

Vi står framfor ei samanslåing av Telemark og Vestfold fylkeskommunar. Dette vil også få konsekvensar for organiseringa av museumssektoren. Vestfold har ei mengd med kulturminner frå vikingtida med stadig nye og store funn. Det er slett ikkje sikkert at dei økonomiske rammene for konsolidering vil bli ståande når NIA og museumssektoren i Telemark må ut i konkurransen om løvvingane med vikingmiljøet i Vestfold.

Under tiltak D10 Konsolidering-Museum pkt Risiko peikar rådmannen på at det må "gjerast ei vurdering av vidare tankar for Mølla og Tuddal bygdetun mht økonomi og vidare drift og vedlikehald", om ein ikkje går inn for konsolidering.



Hjartdals ordførarkjede har mølla og fossen som eit av motiva

---

Vi håper dei politiske partia vil gjere seg nokre tankar om denne vurderinga i forkant av budsjett-behandlinga og før framleggjet til konsolidering blir avvist. Alternativa seinare kan fort vise seg å bli både dyrare og alvorlegare for både bygdetunet i Tuddal og mølla, kommunens tusenårstad ved Omnesfossen.

Vi skal frå Hjartdal historielags si side love politikarane i Hjartdal å følgje opp rådmannens standpunkt om ei nødvendig oppfølging av "økonomi og vidare drift og vedlikehald" av mølla og bygdetunet om kommunestyret ikkje går inn for konsolidering.

Styret i Hjartdal historielag  
Svein Bakkalia  
leiar



I forrige kontaktblad etterlyste vi opplysningar om dette bildet etter Mathis Omnes. Vi veit ikkje meir om bilen og passasjerane, men Svein Vete Trae såg straks at bildet er frå Heddal. Det er Skilrudtjønna vi skimtar nede til høgre, og bildet er tatt i retning Yli og vår tids flyplass.

## Kontingent 2019


Saman med dette bladet sender vi ut bankgiro for kontingenoten 2019. Medlemskontingenoten er 300 kroner. Stor aktivitet i laget fører til ein del utgifter, og vi vil halde fram med rimelege arrangement og gratis årbok for medlemmene.

Sidan det er medlemskontingenoten som betaler mykje av årboka, ser vi gjerne at de hjelper til med å verve nye medlemmer. Tenk særleg på familie og kjenningar utanbygds!

## Facebook og datahjelp

Vi minner om historielagets facebookside: [facebook.com/hjartdalhistorielag](https://facebook.com/hjartdalhistorielag)  
Her kan du finne bilde, arrangementsmeldingar og innlegg av mange slag.

Ofte viser vi til interessant stoff på internett. Vi veit sjølv sagt at ikkje alle er i stand til å finne ut av dette, derfor må ein ikkje vere redd for å spørje venner og kjente om hjelp. Historielaget kan også ordne med framsyningar på dei åpne onsdagskveldane (hugs på dei!). Ein kan også kontakte frivillighetssentralen om hjelp til dette.



## HJARTDAL HISTORIELAG

Leiar: Svein Bakkalia, Sjotmovegen 24, 3692 Sauland  
Tlf.: 97535468 [svein.bakkalia@online.no](mailto:svein.bakkalia@online.no)

Kontaktblad- og web-redaktør: Leif Skoje  
Tlf.: 48237883 [skoje@online.no](mailto:skoje@online.no)  
<http://www.hjartdalhistorielag.no>  
Hjartdalbanken 2699 07 04332

*Bladet blir sendt alle medlemmer  
Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgi kjelde  
Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet*